

Osingen



Årskrift 1990
Utgjeve av Os Mållag

Osingen

1990

Utgjeve av
Os Mållag

INNHOLD:

Bente Bratlund Mæland:	
Som små bål	side 1
Samson Bjørke:	
Vestlandet sin største skifabrikk	side 2
Henning Henriksen:	
Compact, Søfteland	side 4
Bente Bratlund Mæland:	
Dikt	side 6
Nils Georg Brekke:	
Byggeskikk og Bygningsvern	side 7
Margit Tøsdal:	
Gyldenlêrsarbeid	side 11
Barnesider av elevar ved Søre Neset skule	side 14
Else Karin Bukkøy:	
Tankar kring Os Komm. Ungdomsklubb ..	side 16
Ein arbeidslaus	side 17
Jimmy Øvredal:	
Havblomar	side 19
Anders Hauge snr. og Kåre Herdlevær:	
Os Ungdomslag – 100 år	side 20

Skriftnemnd:
Samson Bjørke
Henning Henriksen
Kåre Herdlevær
Margit Tøsdal
Bente Bratlund Mæland

Framsida er teikna av:
Bernt Kristiansen

Trykk:
Risan & Larsen A.s, Hjelle, 5200 Os

Kr. 20,-

Til lesaren

So er me her att. «Osingen» kjem med sitt 6. nr, og me har drista oss til å endra framsida. Vonar de finn den høveleg for eit skrift som skal spegla att både fortid og notid, arbeid og fritid i Osbygda.

Me er glade for at bygdefolket set pris på skriftet som Os Mållag står bak. Språket vårt er noko av det finaste me har. Det er ei kjelde til oppleving og skjönsemd som berre blir rikare, dess meir me skjønar kva reidskap språk eigentleg er. Det å bruka morsmålet sitt er ein menneskerett, men kanskje endå viktigare er det at språket me lærde i barndomen er det reidskap som formar oss til å bli sjølvstendige og trygge menneske i vaksen alder. Det ber noko i seg som gjer oss stolte, utviklar personlegdomen og gjev oss eit trygt fotfeste i livet.

Stoffet er også i år utskrive av bygdefolk, og 5. og 6. klasse ved Søre Neset barneskule har laga morosidene.

Me vonar at skriftet også dette året vert vel motteke, og ser gjerne at det vert nytta som helsingar til utflytte osingar og andre som kan ha interesse av kva som rører seg og har rørt seg i bygda vår.

Me ynskjer ei god jul til alle lesarane
Skriftnemnda.



Helsing

Til

Med dei beste ynskje om **god jul og eit godt nytt år!**

Frå



SOM SMAÅ BÅL

Av Bente Bratlund Mæland

Som små bål
skulle vi vera
for kvarandre
Når det er kaldt
når vinden
trengjer inn
og hud søker
hud
Som små bål
Ei hamn å
ankra i
Ei hamn å
stemna ut frå

Teikn.: Arne Mæland

Vestlandet sin største skifabrikk

Ei industriverksemد på Os
av Samson Bjørke

Ei pionérbedrift i sitt slag, men som måtte gje tapt for meir moderne framstillingsprosessar var Hjelles skifabrikk. I si tid Vestlandets største, som leverte ski over heile landet og også til utlandet.

Det høyrest verkar noko utruleg at Os i si tid hadde den største skifabrikken på Vestlandet. Det er lite som bind Osbygda saman med ski og skisport i dag. Men slik var det med så mangt i den eldre tid. Det var ikkje alltid dei ytre tilhøva som avgjorde kvar verksemder skulle starta opp.

Start på Midtsæter

Ser me attende, vil me snart finna at Osbygda har hatt ei rad av dugande handverkarar fram gjennom tidene. At nokre av desse tiltaksrike karane fann levebrød i å laga ski, skulle vel ikkje vera så urimeleg. Og når me får vita at dei første para blei produserte på Midtsæter, den snørikaste og ei av dei mest avsides grendene i bygda, så skjørnar me at dette ikkje var noko som sprang ut frå berre teori. Dei som budde i grenda, hadde nok vore avhengige av ski for å koma seg til folk vinters dag, anten dei tok seg ned til fjorden, eller skulle vegen mot byen.

Den første me kjenner til som freista laga ski for sal, var Nils Olsen Midtsæter f. 1838. Han var bygningsmann, men arbeidde og ski mellom andre gjeremål. Til hjelp hadde han grannen sin fra Kleivo, Annanias E. Øvredal f. 1867.

Då Lars Olsen Hjelle f. 1868, i 1894 blei gift med Brita, dotter til Nils, og flytte til Midtsæter, vart det meir fart i arbeidet. Lars kom frå ei gamal handverksætt og var bygningsmann og snikkar av yrke.



Ski av den gamle typen, men ikkje den elste.

Både på Hjelle og Osøyro

Etterkvart blei det stor spurnad etter ski. Lars flytte då attende til Hjelle, og sette opp ein ski- og

kjelkefabrikk saman med bror sin Hans. I 1919 kjøpte han det gamle Os meieri på Osøyro, (der Shellstasjonen ligg i dag,) og starta produksjon her. No hadde bygda to fabrikkar, avdi broren framleis dreiv på Hjelle. Verksemda vaks og då ho stod på høgda, blei det produsert 5-6000 par ski og 1-2000 kjelkar. Sjølv om vasskraft og elektrisk kraft frå 1914 kunne drive enkle maskiner, måtte mykje gjerast for hand. All finhøvling vart utført som handarbeid. Fabrikkane gav arbeid til 15-20 mann og Os hadde i si tid den største produksjonen i landsdelen.

Strevsam marknadsføring

Nils var ein drivande kar og omsette skiene i Bergen. Den første tida bar han dei på ryggen frå Midtsæter over fjellet til Hauglandsdalen og gjekk vidare til byen, der han fann kjøparar. På den tid kunne skiene kosta 50 øre paret for born og 70 øre for vaksne. Var dei av spesielt utvald materiale, kunne prisen gå heilt opp i 2 kroner. – Men så seint som i mi tid, kunne me kjøpa «feilski» for kr. 1.50, fortel Harald Olsen Mardal. – Det var ski dei hadde vore litt uheldige med, slik at det kanskje var litt skilnad på dei, eller at det var kvist i materialen, eller du fann ei lita sprekke. Dei billigaste var alltid laga av furu. Skulle ein ha seg askeski, måtte ein ut med større sum.

Skiene blei påsette bambusrørsbindingar som hadde ei klemme oppå tåa. Dette arbeidet vart gjort for same prisen. Men bindingen kosta, og spesielt klemma, ho var dyr. Mardal kan elles fortelja at bak hælen snørde dei eit hampaband, og så var det å rusla bort i Eiriksbakkane (på Botnevik sin gard i dag) og der kunne dei sleppa seg utfør, og i hoppbakken sveva dei heilt opp i 13 m. Ellers var Jørundsbakkane og eit mykje nytta «skisenter».

God reklame for Osbygda

– Skiene var fine, dei. På sida var alltid ei stripe, og framme enda dei i ein tupp. Det var eit godt produkt, minnest 86 år gamle Harald Olsen Mardal.

Med ein slik produksjon trong ein god marknadsføring. Då sonen Olav overtok fabrikken, selde dei ikkje lenger ski berre i bygda og Bergen. Hjelle-skiene vart etterkvart landskjende og då produksjonen var på topp, hadde han og eigen agent i Italia.

At Hjelle skifabrikk hadde godt ord på seg, viser



Osingar på skitur.

ei tinging av ski til det norske forsvaret gjennom Gresvig. Her stod det: «Helst Hjelleski».

I 20-åra vart det på moten å dra på skitur: og Osungdomen, som var godt utstyrde med ski, tok i veg til Gulfjellet. Dei stabla seg opp på ein open lastebil sundags morgen, og så bar det av stad.

Limte ski overtok

Som nemnt, var skiene laga av heilved, men kunne ikkje konkurrera med limte ski som etterkvart blei produserte andre stader i landet. Magnus N. Moberg, som arbeidde på fabrikken i fleire tiår, fortel at han ein gong kom gåande på hickoryski laga ved Hjelle skifabrikk. Då traff han nokre bergensarar. I det han gjekk framom dei, datt det ut av ein gutunge: «Ser du han med de vann-

skiene!» Ein bergensfar var på veg opp trappa i fabrikken for å kjøpa ski til sonen. «Har dere limte ski?», sa guten. «Nei,» blei det svara. Guten snudde beint og gjekk ned att, og faren måtte berre fylgja etter. Heilski hadde ikkje interesse. Hjelle prøvde seg aldri på å laga limte ski, så den moderne skiproduksjonen innhenta han etterkvart.

Olav Hjelle fekk fleire utmerkingar for skiene sine. På landsutstillingen i Bergen i 1928, fekk han gullmedalje. Det same gjorde han ved fleire utstillingar, mellom anna i Oslo.

Moberg opplyser at det var ein triveleg arbeidsplass, og produkta gjekk undan. Dei laga ikkje berre ski. Det var ikkje så radt liten produksjon av vanlege kjelkar, men også skikjelkar og redningskjelkar. Men den siste tida før fabrikken brann i 1959, var det skafteproduksjon som dominerte.



COMPACT, SØFTELAND

– ein triveleg arbeidsstad med livsviktige produkt for land og sjø
av Henning Henriksen

Ei pionerbedrift i sitt slag er også firmaet Compact A/S på Søfteland. Frå puddingar og essensar via det kjende «Mor Monsen»-syltetøyet har firmaet no leveransar over heile verda av næringsrik mat og drikkevatn frå Krokvatnet, til utviklingsland og katastrofeområde.


Ei av dei nyare industriverksemndene i Os kommune ligg på Søfteland. Eg hadde mange gonger lese trafikkskiltet: COMPACT lager, utan at eg var klår over kva det låg i dette. For eit år sidan fekk eg vera med på ei omvising på fabrikken, og det slo meg at dette måtte då vera ei verksemد som mange burde få vita meir om. Kva var då naturlegare for meg enn å skriva om dette for årsskiftet Osingen?

Alt då eg steig inn i resepsjonen, kjende eg meg heime. Der vart eg helsa blidt: «Godmorgen», av ein av mine tidlegare elevar, Mette. Ho synte meg inn til administrasjonssjef Svein Erik Johnsen.

Ein sjef med syn for trivsel og arbeidsmiljø og for historikk

Der vart eg sitjande både lenge og vel, og eg trur at eg fekk svar på alle dei spørsmål eg kom med og vel så det.

Verksemda vart grunnlagt i 1948 av Johan Lærum og Johan Ernst Mowinkel under namnet «Joh. Lærum & Co.» Dei første åra heldt dei til på Damsgård i gamle, tungvinte fabrikklokale, og dei første produkta var puddingar, essensar o.l. Seinare gjekk dei over til å laga marmelade og syltetøy, og me som er noko eldre, hugsar enno varemerket «Mor Monsen» for den velsmakande, friske appelsinmarmeladen.



Svein Erik Johnsen på kontoret.

Det var dei store syltetøyleveransane til forsvaret som gjorde at ein fann fram til nye produkt. Etter avtale med Det norske forsvaret sette fabrikken i gang produksjonen av stridsporsjonar. Det var komprimerte brødblokker med ulike tilsetjingar.

Frå mi tid i Heimevernet minnest eg kakeblokker, kakaodrikkblokker og kraftsuppeblokker, der den store fordelen var at dei vog så lite og var greie å ta til på manøvrar og utmarsjar.

Seinare då sivilforsvaret vart betre utbygt, vart det arbeidt fram særskilte rasjonar som skulle lagrast kring om i heile landet, og sidan 1955 er det kvart år levert om lag 500 000 slike rasjonar. I 1957 satsa verksemda på eit nytt felt – «Seven Oceans» rasjonar for livbåtar og bergingsflåter.

I 1970-åra tok ein til å pakka «Seven Oceans» drikkevatn i plastposar, og dei vert i dag sende til mest alle skipsfartsnasjonar i verda. Om lag samstundes utvikla ein ein ny type matrasjonar som både kunne nyttast av sivilforsvaret og brukast som katastrofeproviant i utviklingsland, då desse rasjonane inneholdt det som underernærte menneske trong.

Etter kvart som produkta vart fleire og produksjonen auka, laut verksemda sjå seg om etter nye produksjonslokale, og i 1984 kjøpte dei ein nedlagt møbelfabrikk på Søfteland, noko som på mange vis vart eit stort framsteg. Her var meir luft, og etter kvart skjedde det ei rasjonalisering som gjorde arbeidet lettare.

Problemet var at dei fleste arbeidarane budde i Damsgård-Laksevågområdet, og det var ikkje lett å nå fram til arbeidsstaden til kl. 7 om morgonen. No synte det seg at fabrikkleiinga kunne handla på ein kanskje noko uvanleg måte. Compact kjøpte rett og slett ein minibuss til transport for arbeidarane. Denne Compactbussen kører framleis, trass i at det ikkje lenger er så mange av arbeidarane som bur så langt unna. Etter kvart som dei eldre arbeidarane har nådd pensjonsalderen, har folk frå Osbygda fått seg arbeid her.

Eg spør Johnsen om korleis arbeidsmiljøet er. Han svarar at slik han ser det er her eit svært godt samarbeid mellom arbeidarar og leiatar, men han legg til at dette spørsmålet burde eg kanskje heller ta opp nede i produksjonshallen. Han nemner at dei fleire gonger har stengt fabrikken for nokre dagar og teke alle tilsette med på ein fleire dagars tur, noko som han trur har hatt positiv verknad for samarbeid og arbeidsmiljø.

Ein produksjonsleiar som trivst på jobben

Svein Erik Johnsen følgjer meg ned til produksjonshallen der produksjonsleiar Magnus Viste tek

meg med rundt i hallen, men først snakkar me litt saman om kva han finn mest hyggeleg ved denne arbeidsplassen. Han har tidlegare arbeidt i teko-industrien, men lengtar ikkje attende dit. Der var det innskrenkingar, permisjonar og nedlegging. På Compact har han funne seg ein trygg og triveleg arbeidsplass. I dei åra han har vore her har det ikkje vore ei einaste permitting. Dessutan synest han arbeidsmiljøet har vorte endå betre etter at produksjonen kom hit, for på Damsgård var det altfor trøngt.



Produksjonssjef Magnus Viste på lageret.


Eg får vita et det er mest kvinneleg arbeidskraft, og han meiner at kvinnene er meir uthaldande der arbeidet helst går på band. Til dei tyngre jobbane har dei menn, men etter kvart vert arbeidet mykje lettare, for dei driv mykje med modernisering og rasjonalisering. Han skryter mykje over dei to mekanikarane frå Os. Han synest dei gjer ein framifrå fin jobb. Eg får vita at i visse periodar har firmaet hatt så mange tingingar at dei har drive med to skift. Til vanleg arbeider 25-30 menneske her, men i stuttare periodar må dei ta inn ekstra folk for å få levert alt i rett tid.

Viste fortel at då verksemda i 1988 arrangerte jubiléumstur til Aten, fekk dei som ønskte det ta med ektemaken på eigen kostnad, medan alle tilsette fekk fri reis og fritt opphold, og han spør meg om eg trur det er mange andre norske verksemder som spanderer ein jubiléumstur til Aten på alle dei tilsette.

Osingar og framandarbeidarar

Viste tek meg med rundt for at eg skal få helsa på nokre av dei tilsette. Ein av dei tilsette ser ikkje ut til å vera innfødd osing. Det er noko indisk ved han. Då eg pratar litt med han, får eg vita at han heiter Edmund Mendonca og kjem frå Goa i India. Han likar seg svært godt på arbeidsplassen, men han synest likevel det er kjekt å få ta seg ein tur heim til foreldra i Goa ein gong i blant, og han er glad over at han tener så pass at han kan ta turen heim etter to-tre år på Compact.

Eg vandrar vidare og gjev meg i snakk med Gerd Dahle som bur på Dyngeland. Ho har arbeidt i



Edmund Mendonca frå Goa.

mange år i firmaet, og ho understrekar det gode arbeidsmiljøet og den hyggelege omgangstonen mellom leiarar og andre tilsette. Eit høgdepunkt synest ho utanlandsturane har vore, og ho kan ikkje tenkja seg å skifta arbeidsstad.

Der ser eg ei som eg kjenner, Henny Aspenes frå Os. Eg spør henne om det er tungt å arbeida ved eit samleband, men det synest ho ikkje. Vidare spør eg om ho har vore med på utanlandsturane. Sjølv sagt har ho det, og ho fortel om den fine turen dei hadde til Lübeck, og ho syntest at leiarane hadde lagt alt så godt til rette på turen.

Den siste eg snakka med i produksjonshallen, har berre vore tilsett her i vel to år så ho har enno ikkje hatt høve til å vera med til utlandet, men ho fortel om ein tur til Oslo og Sandefjord, der dei fekk gå på teater i Oslo, og der dei i Sandefjord hadde ein fantastisk flott båttur til Svenner fyr. På turen utover fekk dei servert reker, og ute på fyret grilla dei eit heilt lam. «Ja, dette er verkeleg ein fin arbeidsplass», seier Jorunn Øvreeide som er svært glad over å ha eit fast arbeid å gå til i ei tid der mange unge må gå arbeidslause.



Henny Aspenes ved samlebandet.

Mat til katastrofeområde og utviklingsland

Hos Svein Erik Johnsen får eg vita at dei rasjonane som vert lagra for sivilforsvaret, vert skifta ut etter 7 år, men dei er framleis like gode og næringsrike, og dei vert då stilt til disposisjon for internasjonale hjelpeorganisasjonar som Norges Røde Kors, Redd Barna, Kirkens Nødhjelp o.l.

Fleire gonger har produkta frå Compact vore til god og rask hjelp under store katastrofar. Johnsen nemner særskilt den store turken i Afrika i 1984. For å kunna gje hurtig hjelp ved turkekatastrofar og ved flaum og jordskjelyv har Compact i dei seinare åra bygt opp store lager i fleire område i Afrika og Asia. Firmaet har eit eige salskontor i Hongkong, og det har no fått eit dotterselskap i Genova i Italia.

Det er litt underleg for meg å høyra at det frå denne vesle fabrikken på Søfteland går varer til skip på alle dei sju verdshav og til underernærte menneske i utviklingsland og katastrofeområde over heile verda.

Frå samlebanda på Softeland går næringsrik mat i konsentrert form til Sudan og Etiopia, til Jordan og Bangladesh, til India og Vietnam, til Mali og Somalia med trailarar, skip og fly.



100 - åringen OS UNGDOMSLAG

1890 – 1990

Er du glad i å dansa? Hjå oss får du svinga deg i norske og utanlandske folkedanser og litt nyare danseformer.

Vi driv dessutan barnelagsarbeid og andre former for lagsarbeid.

Annankvar tysdag og ein søndag i månaden er vi å finna i Eldresenteret.

Velkommen til å vera med oss i arbeidet vårt.

BENTE BRATLUND MÆLAND



Luker

Dagar som er fylte. Dei mange krav, oppgåver som ventar. Eit renn som fangar oss.

Å ha luker. Dei små, pulserande pusterom.

Minutt ved bordet der eit kjært andlet er ope. Å gå ut i dagen og fylla lungene med klar luft. Sjå fuglen som er på flukt i fridom, sjå menneske i ein tilfeldig forbipasserande.

Den rynka handa på stolsetet i bussen. Krusningane på vassflata. Barnelåtten frå leikeplassen.

Luker. Dei er der i vår kvar dag om vi maktar ta imot dei og henta styrken dei gir.

Doggdropane i graset

Doggdropane i graset ein tidleg morgen.

Å gå ut med bart sinn, pusta inn den nye, ubrukte dagen. Ta imot fargane som stig fram or disen og kjenna at ein er til.

Enno ha eit hav av timer ventande der framme. Enno ikkje ha trødd spor i det landskap som skal teiknast. Vita at der ligg det og ventar, ventar...

Å ha tynn, tynn hud over pulsen som slår varm, sterkt.



Nils Georg Brekke

BYGGESKIKK OG BYGNINGSVERN

Om «Landliggere», reiseliv og byfolk på landet.



«Neståas Pensionat», Kuven. Det store, velbygde sveitserhuset er nyleg blitt sett i stand på ein fin måte av eigaren, Hans Martin Kuven. Listverk, kledning og fargar er fornøya omhugsamt i samsvar med den opphavelege stilen på bygningen. Nils Morteinson Kuven bygde dette huset kring 1890. Nokre år var det leidt ut til søstrene Nestås som dreiv pensjonatet. (Foto: Fylkeskonservatoren i Hordaland).

«Det er svært, hvilke kostbare vaaningshuse der sættes op mange steder paa landsbygdene nu. Formentlig tænkes der, at man skal gjøre «god forretning» med byfolk i sommertiden. Det er nu forresten en noksaa usikker indtægt, og det er et stort spørgsmaal, om det i det hele taget blir den bedste indtægteskilde. Byfolk øver stundom en mindre god indflydelse paa landsbefolkingen, særlig da paa den opvoksende slægt, som blir mere og mere nydelsessyg. Bøndene vil være «store» de ogsaa nu; her er jo som bekjent oprettet eget landbrugsdepartement, som de venter sig meget af. Men bønderne maa nok først lære, at landbruks fremgang først og fremst avhænger af de enkeltes arbeidsomhed og energi; thi uden det vil det nok nytte lidet, om det blir et departement i hver bygd».


Det var nok ikke først og fremst «Neståas Pensjonat» han hadde i tankane, den utflytte bygmennan som var på veg heim til Strandvik med

dampskipet Solstrand ein laurdags ettermiddag i 1900. Men refleksjonane hans kan stå som eit uttrykk for ei tid då reiseliv og «landliggere» – byfolk på landet – var ei blømande næring som gav gode attåtinntekter på bygdene:

«Det er svært vakkert indover Midthordlandsfjordene, saa det er rimeligt, at byfolk gjerne vil bo der i sommertiden. Det er just helsebod at faa for de overspændte hjerner».

Helsebot for overspente hjernar – det er i klartekst det som mange meiner også i vår tid er eit overveldande behov, om enn uttrykt i andre ordelag og i vakre, fargestørke og forlokkande brosjyrar. Vår tids satsing på reiseliv har mykje tilfelles med høgkonjukturen for turismen og dei landlege idyllane hundre år tilbake i tida.

Typisk for denne tida er pensjonatet på Kuven; ein stor, velproporsjonert bygning i 2 1/2 høgd, med ark og veranda i sveitserstil. Det var bonde og



Osøyro og Telthusplassen 1892/93. Midt på biletet ser vi det nye Nielsens Hotel, med velstelt hage framfor. Litt lengre ute ligg Osørens Hotel, på tufta etter den gamle skysstasjonen. Rett utanfor kom det nye stasjonsanlegget ved Osbanen i 1894. (Ukj. fotograf. Lokalhistorisk arkiv, Os).

byggmeister Nils Morteinsson Kuven som sette opp dette huset kring 1890. Han tenkte nok både på den aukande trafikken av landliggjarar i sommarhalvåret og på heilårsutleige.

I byrjinga av 1900-talet leigde han ut bygningen til søstrene Nestaas, som dreiv nokre år under namnet «Nestaas Pensionat». Seinare overtok son til Nils, Lars Kuven, huset att og leigde ut husvære til familiær, tildels til offiserar ved Ulven ekserserplass. Truleg har ikkje pensjonsdrifta kasta nok av seg, ettersom det var kome to nye hotell på Osøyro i åra like før den nye jernbanen, Nesttun–Os banen, vart opna.

I tida kring århundreskiftet utvikla Os seg både som serviceområde og som trafikkknutepunkt. Landliggjartrafikken viste eit markert oppsving mot slutten av 1800-talet, og det vart sjølv sagt endå lettare for byfolk å koma seg nedover til dei vakre Bjørnefjordsbygdene etter at Osbanen var kome i drift. Dei nye hotella – Nielsens Hotel og Osøren Hotel – sikta nok både på landliggjarar og gjennomgangstrafikk. Det same gjorde også det litt eldre Elvigs hotel og pensjonatet til Leganger. Det siste var ei verksemeld som fekk eit mykje lengre liv enn dei tre hotella. Nielsens Hotel enda sine dagar som hybelhus, der Os Fargehandel ligg i dag.


Vi får eit lite inntrykk av den vesle stasjonsbyen Os gjennom ei reiseskildring der bergensaren O. W. Fasting gjev til beste sine inntrykk på ein humoristisk, men sarkastisk måte:

«Osøren er en ørken, der er taget til indtægt af verdenssky katte, der lever af mismod og de fiske de ser sig istand til at nappe, naar de sitter i Fjæren hensunket i drømme og sult. Om natten er sandsletten forvandlet til en konsertsal for disse kunstnere, der de omsætter sit livs elendighet i en musik, der saa ofte haver bragt haarene til at reise sig paa indvaanenes isser, at de allesammen er skaldet. Stedet har to hoteller, men intet af dem har skjenningsret.... Noen postforbindelse med omverdenen tror jeg ikke findes».

Fullt så stillestående som dette kan nok ikkje Os ha vore på denne tida. Osbanen opna nettopp for betre samband med omverda og drog med seg ein ny gjennomgangstrafikk, frå sjø til land.

Men hotella kring hundreårsskiftet var ikkje dei første overnattingsverksemndene på Os. Kring midten av 1800-talet bygde Hans Jonsson Bø ein staseleg halvvalma bygning eit stykke ute langs Os-fjøra, på Moberg-sida. Her vart det i mange år drive skysstasjon og herberge. Dette velbygde empirehuset brann i 1887, og det vart bygd opp att eit stort, 3-høgda hus i sveitserstil som vart heitande «Osørens Hotel». Den gamle hesteskjussen vart avløyst av Osbanen – «det tidsmæssige bindeled».

Den aukande trafikken som Osbanen førte med seg hadde ikkje minst samanheng med korrespondansen mellom jernbanen og fjordabåtane. Bønder på bytur og byfolk på landet – dette var gjennom



Skyssstasjonen og herberget som Hans Jonson Bø bygde kring 1850 ligg utanfor Os-fjøra, på Mobergssida. Dette staselege, halv-valma empirehuset hadde fleire eigalarar før det brann i 1887. Då kom det opp ein ny, stor sveitserbygning som fekk namnet «Osørens Hotel». (Foto: K. Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.)

mange år ein viktig del av trafikken mellom by og land. Mange bergensfamiliar hadde sine faste tilhaldsstader der dei kom tilbake kvar sommar, år etter år. Bø og Lyssand sto høgast i kurs, etter leigeprisane å døma. Her betalte landliggjarane kr. 200 for ein sesong, medan prisen på Søre Neset berre var kr. 50, i tida før den første verdskriga.

Landliggjartrafikken stod på sitt høgste i mellom-krigstida og i åra rett etter siste krig. Då var det framleis mange familiar i Os som flytte ut i eldhuset eller i kjellaren når sommaren kom, for å leiga ut til dei faste sommargjestene frå byen. Dette er perioden før den store hyttebygginga starta i kongeriket; målestokken på det sosialdemokratiske velferdssamfunnet.

Og etterkvart som byfolk fekk seg hyttetomter rundt omkring på haugar og nes, dabba landliggjartrafikken av. For mange bønder hadde dette vore ei god attatinntekt, men det var nok ikkje berre det økonomiske aspekt som heldt denne trafikken oppe. Det er også tale om ei kulturform, og det utvikla seg i mange tilfelle ein fin sosial kontakt og eit godt venskap mellom bygdefolk og byfolk. Men det kan nok ikkje stikkast under stol at mange bygdeborn kjende seg sterkt underlegne i leiken med hovne byungar på «landet».

Dei sosiale verdiane som låg i denne kontakten mellom by og land skal ikkje undervurderast, og det er eit spørsmål om vi idag har same evne til å åpna dørene våre og gjestfritt ta imot dei som kjem

på vitjing. Det synest å vera ein merkeleg samanheng i at velstanden har ein tendens til å gjera oss meir påhaldne. Ein mangeårig sommargjest i Hardanger meiner å ha gjort den røynsle at der du har dei smalaste vegane, der finn du også det mest gjestfrie folket.

I eit økonomisk perspektiv er det likevel eit faktum at for hundre år sidan leide folk ut husa sine fordi dei måtte. I vår generasjon har vi råd til å lata det vera.

Vår tids sterke satsing på reiseliv må ikkje berre bli eit spørsmål om å fylla opp hotell og skipa festlege bussturar. Vi må bli flinkare til å ta imot gjester, åpna dørene våre og trena oss i gjestvenskap. Dette er verdiar som ikkje svingar ned konjunkturane. Kjem vi til Danmark på bondegardsferie eller opplever «Irish Farm Holidays» i Irland, så er det nettopp den gjestfrie mottaking som sjærmerer og varmar. Her har vi utan tvil noko å læra.

Det er merkeleg at det har gått så mange år utan at Os har satsa meir planmessig på reiseliv. Solstrand Fjordhotel har i mange år vore den einaste reiselivsverksemda i kommunen. Hotellperioden kring 1900 var eit blaff, og det er først i våre dagar at det gjer seg tankar om at det er noko som manglar i tilbodet på Osøyro. Enno er det mogeleg å utvikla det som er att av historiske miljøkvalitetar slik at Os blir ein stad der du kan gjera noko anna enn å parkera bilen, handla og gå på offentlege kontor. Men no hastar det.



Lemstova på Hjelle er bygd kring 1881. Her ligg bua med bualemmen til høgre i bygningen, til venstre ligg stova, som er den gamle røykstova på garden. I gavlen er det bygd til to skykkjer, og på baksida er taket trekt utover ei sval som vart nytta til lagring av mjølmat. Mellom stove og bu ligg gang og kjøken. Altanen på framsida er bygd til i byrjinga av 1900-talet. Denne fine lemstova er no under istandsetting ved hjelp av sysselsettingsmidlar, i samarbeid med eigaren, Hans Hjelle. (Foto: Fylkeskonsernatoren i Hordaland.)

Osbanemuseum på det gamle stasjonsområdet; Oselvarmuseum med gjestebrygge, restaurant og båtbyggjarverkstad på den utfylte tomta framfor Irisfabrikken; «Gamle Os» langs Postvegen – dette er stikkord for attraksjonar i toppklass som Os kommune kan utvikla.

Og for å slutta der vi byrja: landliggjarane og utleige av hus til sommargjester. Kanskje vil vi i vår tid oppleva eit oppsving i utleige av eldre, antikvarisk verdfulle hus til fritidsføremål. Kulturhistorisk eigedomsformidling, som er eitt av delprosjekta under Prosjekt VESTKYST i Hordaland fylkeskommune, tar nettopp sikte på dette.

Eitt av dei fine gamle husa som kan verta aktuelt i denne samanhengen, er den gamle lemstova på Hjelle. Ved hjelp av sysselsettingsmidlar er det gjort ein god innsats med restaurering av bygningen i 1989 og 1990. Eit anna hus er nettopp det tidlegare «Nestaas Pensionat» på Kuven. Dette huset har eigaren nyleg restaurert på ein fin måte. Ved hjelp av lån på antikvarisk grunnlag har han sett bygningen i god stand for utleige. Dette er eit eksempel til etterfølgjing: investering i kvalitetsutvikling og verna historiske verdiar er sjeldan bortkasta pengar. Snarare tvert om.

Gyldenlêrsarbeid

eit tradisjonsrikt og spanande kunsthandverk som og vert utført i Os
Intervju med Birgit Øvredal ved Margit Tøsdal

Kva er gyldenlêr? Birgit Øvredal er nok den einaste osingen som kan gje oss eit grundig svar på det spørsmålet. Ho er ei av dei få på våre kantar som dyrkar dette utsøkte, tradisjonsrike kunsthandverket.

I den vakre heimen hennar på Haugsneset heng det rekker av nydelege lêrremser på veggen i arbeidsrommet. Lérstykkja er dekorerte med fargerike mønster og kunstferdige relief, eit reint «augnegjestebod», som det heitte i dialekten.

Det er gledeleg å kunna slå fast at dei rike handarbeidstradisjonane i Osbygda har fått endå ei ny utfordring.

Birgit fortel at gyldenlêrsarbeid er eit fint, gammalt kunsthandverk, som ein først hører om frå Spania på 14-1500-talet. Ein reknar at det var maurarane som førde det med seg til Europa. Gyldenlêret er og kalla Cordobalêr, noko som kan tyda på at handverket hadde eit senter i Cordoba, maurarane sin hovedstad i Spania.



Birgit Øvredal i ferd med å prega mønsteret på lêret. Sjølv lærde ho gyldenlêrsarbeidet m.a. på akademiet i Rauland, Telemark.

Gyldenlêr er lêr som er dekorert med eit mønster som vert arbeidd opp i relief, og deretter påført eit stoff som tettar porene. Gjennom tidene har ein nok eksperimentert med – og funne fram til – ymse stoff som kan brukast her. Det same gjeld nok og det stoffet som skal binda gullet til lêret. Når desse stoffa er passeleg tørka, vert heile arbeidet belagt med gull- eller sôlvblad.

Dette er det mest kritiske punktet i prosessen, det avgjer om arbeidet skal bli heilt vellukka. Etter svært lang torketid skal arbeidet fargeleggjast. Då brukar ein kunstmålarfargar på oljebasis, og her har utøvaren friare spelrom.

Er dette eit reint handarbeid, tru?

Ja, slik eg arbeider, er det handarbeid heilt og fullt. Eg bruker berre to små jern, eit rissejern og eit pregejern, og eg nyttar berre gamle, klassiske mønster til stolane eg lagar. Først rissar eg mønsteret inn i lêret på oversida. Deretter fuktar eg små parti om gongen og strekker so lêret ved å pressa det opp på undersida. Slik arbeider eg luft inn i mønsteret og låser so lufta inne i det frå oversida. Det er lêrplastikk, kan ein seia.

Eg har besøkt ein fransk lêrverkstad i Paris, der dei har laga gyldenlêr i fire generasjoner.

Verkstaden der pressinga gjekk føre seg, låg langt under jorda, slik han alltid hadde gjort. Dei brukte oppvarma metallformer til å stansa ut mønsteret på lêr som alt var dekka med gull- sôlv- eller koparplater. Men det vart måla for hand.

For meg var det eit umåteleg interessant høve til å få sjå lêret framstilt på verkeleg gammal, tradisjonell vis.

I Noreg, veit eg, blir det mykje brukt å skjera ut motiva i treformer, i negativ, og so vert lêret arbeidd for hand ned i mønsteret. ein kan elles og her bruk ei form for presse, men resten av prosessen er den same som eg bruker.

Alt dette er verkeleg handarbeid!

Men, kva brukar ein då gyldenlêret til?

Ser ein attende i tid, veit ein at på 15-1600-talet vart gyldenlêret nytta som veggdekorasjonar, som tapet. Dette kan ein sjå i Mellom- og Søreropa, t.d. i gamle slott. Dei brukte og gyldenlêr til å dekorera skjermbrønn, kister, skrin o. likn., men serleg då stolar.

I dag er det mest brukt som trekk på stolar, men ein kan nyttar det til andre ting og.

Sjølv har eg t.d. laga bokomslag av gyldenlêr til ættetavle. Det er og svært mykje brukt på bruestolar i kyrkjene.

Kvar kjøper du materialane frå?

Lêret kjøper eg frå ein grossist i Bergen. Han



På utstillinga «Husflidsdagane i Bergen -81» viste Birgit ein av stolane sine (Utskjeringa ved Henrik Lien). Denne stolen vart m.a. brukt av kong Olav då han vitja Os i 1982.

importerer den typen eg treng, – mest frå England.

Til gyldenlêr må ein brukta vegetabilsk garva lêr av ku, kalv eller geit. Helst skal overflata vera so feilfri som mogleg, og lêret må vera passeleg tjukt. Det eg elles treng av materialar og vektøy, kjøper eg frå ei forretning i Oslo som m.a. har spesialisert seg på utstyr for gyldenlêr.

Har du hatt arbeida dine på utstilling?

Ja, eg har hatt ein del på utstillingar ved fleire høve. I 1981 stilte eg ut to stolar i «Husfliden» i Bergen, i samband med husflidsdagane der. Då sat

eg og der for å syna korleis eg arbeider, og kva handverket går ut på.

I 1985 var eg med på «Kvinnemessa» i Bergen, i Bergenshallen. Der gjorde eg det på same måten som i «Husfliden». Eg har og delteke fleire gonger på «Fritio» i Os.

Men, kven kan kjøpa so utsøkt arbeid?

Kanskje somme menneske set serleg pris på handverk i det heile, ogso då dette gamle som dei ser ein spesiell verdi i. Kanskje dei og kjøper fordi

dei tykkjer det er vakkert, og ser det som eit framtidig arvestykke med tradisjon. Men, det er klårt at ikkje alle kan kjøpa so kostbart arbeid, endå om dei måtte ønskja det.

Interessene er no so ulike. Men ofte er det lag og organisasjonar som samlar pengar og gjev gyldenlêrstolar i gave til kyrkjer, t.d.

Har du halde kurs og lært kunsten frå deg?

Nei, det har eg ikkje. Det er mange som har spurt meg, men eg har ikkje våga meg på det. Eg kjenner det som om eg er undervegs sjølv, det er berre ein hobby eg har. Skal ein undervisa andre, bør ein vita med seg sjølv at ein fullt ut meistrar sitt fag. Dit er eg ikkje komen. Men, eg er forresten begynt so smått å læra opp borneborna våre!

Kjenner du andre her vest som dyrkar same kunsthandverket?

Som sagt er dette for meg berre ein hobby eg har hatt i ein del år. Eg freistar få mest mogleg ut av arbeidet fordi det verkeleg er ei utfordring. Men det er slik med dette som so få driv med, at ein sit



Desse to stolane er utarbeidde etter kjende, gamle gyldenlêrs-mønster.



Døme på gyldenlêr med tradisjonsrike, varierte mønster.

åleine med arbeidet. Ein kjenner det handverksmessige grunnlaget, men utforminga er ein åleine om. Dette sjølvstendige arbeidet høver meg godt, og det gjer at eg heller ikkje har teke kontakt med andre. Eg veit ikkje kven eller kor mange som driv med det same. Men to andre utøvarar har teke kontakt med meg. Den eine arbeider på Moster, og den andre fører vidare ein tradisjon med gyldenlêrsarbeid i Bergen.

Trur du gyldelêret har ei framtid som kunsthandverk?

Ja, eg kan ikkje skjøna anna enn at dette arbeidet må kunna overleva, all den tid det har eksistert i 4-500 år!

Om det var ei tid då det var fare for at det skulle gå i gløymeboka, har det i seinare år vore veksande interesse for gyldenlêr, i allfall her til lands. Men det er å ønskja at dette tradisjonsrike kunsthandverket ikkje må verta gjort til noko kommersielt, men at det vert teke vare på som det fine handverket det er.



BARNESIDER

av elevar i 5. og 6. klasse ved Søre Neset skule

GÅTER:

Eit verdifullt metall som i midten av forrige år-hundre vart høgare verdsett enn gull?

(aluminium)

Blada kan brukast som salat, men det er ein vill vekst vi skal fram til?

(løvetann)

Det dreier seg om eit slag framkomstmiddel som vi veit Leonardo da Vinci laga ei skisse til?

(fallskjerm)

Kva veks om vinteren, visnar vekk om sommaren, har rota opp og toppen ned?

(is-tappen)

1. Kven har scora flest mål i norsk 1. divisjon?
2. Kven trente Viking i 1958?
3. Kven vant cupfinalen i 1984?
4. Kva heiter den romerske vinguden?
5. Kva tyder eigentleg den arabiske høvdingstittelen sjeik?



Svaret står ein annan stad på sida.

IKKJE
FETTER
↓

Svaret står ein annan stad i bladet.

ETTERNAMN

FUGL

GOTTERI

FARGE


LAND

FOTBALLAG

URT

VITSAR:

Det var ein gong Svensken, Dansken og Nordmannen skulle sjå kven som kunne kasta murstein lengst. Først Svensken, han kasta over to hus. Så Dansken han kasta over fire hus. Så Nordmannen han kasta så langt at dagen etterpå sto det at den kinesiske keisaren hadde fått ein murstein i hovudet.




Vi stikk, jordbuarane er fleire hundre gonger større enn oss, og dei har nettopp laga yo-yo av det andre romskipet.

1. Odd Liveren, 157 mål.
2. Bill Foulkes.
3. Fredrikstad slo Viking.
4. Bachhus.
5. Gammal mann, den eldste.

Svar:

KVA FOR LAND ER DETTE?



Svaret står ein annan stad i bladet.



DIKT:

Tenk om verda var rein,
og alle på jorda vart mette.
Ja da hadde det vore
fint her i verda.

Tenk om all krig tok slutt,
og alle vart glade.
Ja da hadde det vore
fint her på jorda.

JENTE NAMN

LITA APPELSIN					
JENTE NAMN					
GUTE NAMN					
LAND DET ER KRIGI					
VERDENSDDEL					
LIKAR EKORNET					
DET MOTSETTE AV DAG					
LAND					

Svaret står ein annan stad i bladet.

FINN ORD!

A	N	D	R	E	D	O	F	F	E	N	B	I	L	S	E	I
P	F	O	T	B	A	L	K	H	E	I	S	F	K	R	A	N
E	A	L	A	A	N	N	A	E	I	H	A	V	N	N	I	
E	P	E	N	L	A	M	M	I	N	A	S	K	A	N	L	
I	F	N	L	A	M	P	E	R	R	E	V	H	E	S	T	
K	A	N	E	L	A	M	F	I	S	E	I	K	A	P	E	
F	A	R	F	A	R	E	I	K	A	P	E	A	N	L	S	
O	P	E	L	B	I	L	B	K	U	N	I	M	D	O	A	
T	E	P	A	N	D	A	I	R	O	M	N	M	B	M	U	
B	I	L	N	O	E	P	L	O	M	N	B	R	A	M	S	
A	S	A	T	R	A	E	O	K	A	N	I	N	L	E	A	
L	E	S	I	G	J	E	N	O	R	M	L	U	S	U	R	
L	L	T	L	E	S	E	O	D	I	N	O	S	A	U	R	
A	B	L	O	M	A	K	K	I	H	A	R	E	B	U	O	
M	P	A	L	M	E	L	Ø	V	E	H	U	S	T	A		
L	U	E	E	N	D	E	B	L	N	E	L	A	R	T	N	
A	R	K	N	N	T	N	E	E	G	V	N	S	U	E	D	
M	B	O	S	S	V	M	K	B	A	M	S	E	A	N	I	
P	N	R	O	T	T	E	K	I	A	U	E	O	U	B	N	
E	B	N	E	G	N	S	O	L	Ø	V	E	L	A	M	N	

3. Tyrkia.
2. Portugal.
1. Italia.
Svar:



Tankar kring Os Kommunale Ungdomsklubb

Ved Else Karin Bukkøy

Oss vaksne som har med barn
og ungdom å gjere, i heim, i skule,
i fritid, vi må passe grensene,
i tillegg til kjærleik, aksepteringa av
dei kjekke / frekke ungane.



Foto: Terje Hatvik, Os og Fusaposten.

Eg er beden om å skrive noko om det å arbeide mellom og med ungdom. Eg er blitt beden om å komme med nokre refleksjonar eg har gjort meg etter mange års erfaring med slikt arbeid. For å lage ei ramme – av tid – kan eg fortelje at eg tok til som frivillig forelder i ein juniorklubb i Stavanger då mitt andre barn var ni månader gammalt – i dag er same barnet i sitt trettande år.

I alle desse åra har eg hatt nær kontakt med unge mennesker, i kraft av mitt arbeide, i kraft av no å sjølv vere tenåringsmor. Og ja, refleksjonar har eg gjort meg. Eg har satt ord på dei og, og offentleg gjort dei gjennom åra, mest i vår eiga lokalpresse.

Eg har – i denne anledning – gått gjennom ein del av det eg har meint før, og funne ut at eg står inne for det meste i dag og. Det alvorlegaste eg har meint offentleg, meinte eg gjennom eit dikt i 1985, diktet «Ein arbeidslaus». Det tek føre seg det mest alvorlege eg kjenner til for unge menneske.

Når ingen spør etter ressursen, ungdom. Når den som vil og kan, ikkje får lov å gjere nytte for seg, forsørgje seg sjølv, då bryt ressursen saman. Mangel på tilbod til arbeid, gjer noko med ungdomen.

Oss vaksne som er plassert i systemet, i gode stolar bak skrivepultar på kontorer av ulik art, i kommunestyrer, utval, på fylkesting og i stortingsal, vi har mist gangsynet for lenge sidan, som lar alvorlege ting skure og gli.

At ungdom debuterer som sosialklienter 17-18 år gamle er ein tragedie. Ikkje for oss bak pulten, men for personen framfor. Vi bak pultane kjenner ikkje problemet, vi berre trur vi forstår det, så sukkar vi, men sit roleg ventande, på neste.

Pass på blodtrykket ditt, Else

I mitt møte med ungdom i ungdomsklubben held eg alltid på mi faste trygge rolle: Else. Eg kjeftar og smeller og skrik på respekt for lova og reglane i vårt vesle samfunn, klubben. Eg skrik like gjerne til Per som Pål, til Anna som Kari. For meg er dei alle like gode. Og eg prøver vere rettferdig. Mobbing toler eg ikkje. I klubben skal alle gå i fred, same kor ulike dei er.

Eg legg vekt på å vere meg sjølv, sterkt engasjert når eg er i det lunet, eller stille og tenksam når eg er i det lunet. Det nydelege er nettopp at ein får reaksjonar frå ungdomen. For eksempel: «Pass på blodtrykket ditt, Else», eller «så stille du er i dag då, Else, skal vi ikkje diskutere i kveld? Og ein annan ting. Eg snakkar slik til ungdom som eg gjer til vaksne, til vennar og naboar og barn. Forandrar meg ikkje frå eine gruppa til hi. Gjennom åra har eg nytt stor respekt hos ungdom.

«Du skulle vore mor mi du,» sa ein 20-åring ein gong eg møtte han pussa på ei offentleg tilstelling i Os. Han hadde tidlegare gått i klubben i mange år. «Eg?», sa eg. «Eg som berre kjeftar og stressar?»,

sa eg. «Jau, du kjefta nok, men du kjefta jo fordi vi braut reglar, så det var jo på sin plass, men du var rettferdig. På ein måte tok du «tingen», det vi gjorde gale, og slo ned på det, men ikkje på oss, på oss som person. Vi var på ein måte like gode».

Barn ynskjer klare grenser

Det sentrale i denne little dialogen er at barn og ungdom ynskjer klare grenser, og at vaksne skal passe desse grensene, i tillegg til kjærleik, aksepteringa av dei kjekke/frekke ungane.

Oss vaksne som har med barn og ungdom å gjere, i heim, i skule, i fritid, vi må passe grensene. Vi må skrike om nødvendig, men vi må ikkje skubbe ungane frå oss, ut i det mørket som ber namnet «ingen bryr seg om oss». Det å ha reglar og lover, grenser, som blir passa på, i kombinasjon med kjærleik, tillit og akseptering, gir bra vekstmulighetar for barn og ungdom.

Han som var pussa då han kom med sitt hjartesukk, signaliserte kanskje at han hadde mangla grenser som vart passa på i sin oppvekst? I alle fall signaliserte han at grenser gir tryggleik. Eg overhøyde nyleg ei telefonsamtale mellom to tolv år gamle jenter. Eg høyrdet den eine seie til den andre: «Då er di mor like streng som mi». Orda var ein ting. Kroppsspråket fortalte glede, ikkje ulukke.

Protest er viktig

Klart at det kjem ein opposisjon mot foreldre, mot oss vaksne, men kan barn kjenne tryggleik mellom grenser til dei er tolv år gamle, har dei fått eit fundament, og kan gå inn i sitt protestframstøyt.

Og protest mot foreldre og vaksne, er viktig, slik eg ser det. Sjølv protesten er ei sjølvtryggleiksutprøving. Men enno treng dei reglar og lover, grenser, som blir passa. Og vi veit vi som er ungdomsarbeidarar, lærarar og foreldre/føresette, at prøvetida er ei sann prøvetid, der tolmod og frustrasjon går hand i hand. Det er då ein leitar etter sine langsiktige mål og meininger og prøver nå dei att.

Alvoret

Greier vi vaksne å gi ungar det dei treng til dei er 17-18 år gamle, så greier dei livet sjølv. Heng vi arbeidsløyse-problematikken på dette, ser vi tydeleg alvoret.

Eg er nok på dei «uheldige» – i systemet – si side i alt mitt virke og alt mitt engasjement. Eg fortel 8. klassingen som enno ikkje kan skrive og lese skikkelig, at eg kjenner problemet. Og saman kan vi einast om sviket som gjorde guten/jenta til ein skuletapar. Men eg seier også: «når det er sagt, godtek eg ikkje at du set deg ned og slikkar sår. Du kan velgje,» seier eg:

1. Bli i di sjølvriding og gi andre skulda.
2. Reis deg og bestem deg for å ta ansvar for deg sjølv, og tilgi dei uforstandige.

Kan hende kan dei uheldige bli dei sterke – på sikt (i framtid).

Fritidsklubbbar

Eg har i mitt arbeid møtt hundrevis på hundrevis av ungdom på nært hold. Har sett dei utvikle seg. Og det gir like mykje som det krev å vere saman med denne bråkete massa, ungdom. Eg ser på fritidsklubb-tilboda som svært viktige. Det er alltid ungdom som ikkje vil idret, ikkje vil speletimar, speidar, teater, kor og korps. Desse finn seg ofte til rette i ein fritidsklubb, blir aktive medlemmer og medarbeidarar i klubben. Det finns også dei som har «tusen jarn i elden» men og finn seg til rette i fritidsklubb, meir som ein fristad i tydinga: fri for konkurransen, prestasjon og trening.

Det fine er at desse ulike gruppene blir til ei stor gruppe inne i klubben. Noko om å akseptere kvarandre, noko om toleranse, er sentralt her.

Ein arbeidslaus

Berre går der	glad i fjeset
trekker på akslene	og ville bli
om du spør	politi
«var på arbeidskontoret	eller bilmekanikar
sa eg fekk koma att	sveisekurs
om fjorten dagar»	i to månader
«kanskje	og nesten vaken
eit kurs	med røyken
i to månader	i kjeften
sveising»	«har det faen
«ingen vits	så fint eg
å gå der	kan ta ein øl
blei idiot av det	midt på dagen
har det fint eg»	fint det»
«faen	«blir idiot
har det fint som faen eg	av å gå på
kan sova til middag	det der
mor pungar ut til røyk	arbeidskontoret
fint som faen	sitja og vente
det»	og få
berre går der	kanskje eit kurs
flirer om du spør	om fjorten dagar
seksten år	kanskje».
arbeidslaus	Kor i verda skal dei snu seg
sidan i sommar	midt mellom
dei sa at	himmelen og avgrunnen
kanskje	snapp
kom att	så lett før dei eine vegen
om fjorten dagar	fordi fjesa manglar trua
resignasjon	vonbrotet fekk setja seg fast
motlaus	berre går der
var mor og far sin gut	trekker på akslene
for seks år sidan	om du spør.

Else Karin Bukkøy.

Hardnakka motforestillingar

Då eg starta min karriere som klubbarbeidar, var det enno hardnakka motforestillingar mot fritidslubbar, reint ideologisk. Etter som åra har gått har dette visna hen, dei legg ned klubbar i staden, skuldar på økonomiske innstramningar.

I dag kan eg møte foreldre som med stolthet i stemma spør korleis det går med sonen/dottera i klubben, som seier rett ut at dei er glade for tilbodet. Før var det som om foreldre kviskra til meg med kroppsspråket at slikt måtte vi ikkje snakke høgt om – at dotter/son går der.

Eg veit presist at fritidsklubben har vore med på å få ungdom med utforglidningstendensar på fote att. Eg kan telle dei – ein, to, tre, fire, fem – enkeltindivid. **Det** demmer opp for motløysa eg og har kjent i dette arbeidet.

Det er ikkje dyrt for kommuneøkonomien å drive fritidslubbar viss ein tenkjer lenger enn neste halvår. Det er dyrt å ikkje drive fritidslubbar.

Og dei einaste fritidsklubbane eg trur på er dei kommunalt drivne, der ein kan jobbe målretta og haldningsskapande. Der ein kan jobbe mot rus, mot kriminalitet, mot kjønnssjukdomar og fortidlege svangerskap (prevensjonslæra). Kontinuitet i slike tilbod har i seg sjølv preventive verknader.

Klubbar som dukkar opp på idealistisk grunnlag, kan falle saman kort tid etter. Det er gøy så lenge det varer, men det er ikkje eit tilfredsstillande ungdomspolitisk tilbod.

Hjarte- og hjernesukk

Mitt hjartesukk: Leit etter det negative i ungdomen og du finn det. Men leitar du etter det positive i ungdomen så finner du det og. To positive eigen-skaper blir lett til fleire, når det er gode vekstvilkår.

Mitt hjernesukk: Få ungdom i arbeid koste kva det koste vil. Tenk nytt. Tenk kreativt. Men gjer det fort. Eg melder meg gjerne til nytenkjingsteamet, og eg trur *ikkje* det er enkelt.



Frå Os Kommunale Ungdomsklubb 12/10 1988.

Foto: Os og Fusaposten, Torbjørn Lepsøy

HAVBLOMAR

av Jimmy Øvredal



I bortgøymde sprunger på holmen der vest
står blomane – kvite som snø –
og nikkar mot storhavet, medan dei lest
som lukka er to-tre kvadratmeter bø.

Og balderbråblomane takkar so stilt
for solglytt ved voggande hav, –
men òg for musikken når havet er vilt,
og hyler av hat or si grønsvarte grav.

Dei smiler mot havmåseungar og skarv
i sukkande solsumarbris
med heile sin kvite, genetiske arv
i einsemd, på enklaste balderbråvis.

Her er ikkje lubne, små hender som finn
bukettar til far eller mor,
og strålar med vindblesne roser på kinn,
og ropar med ivrige, andpustne ord.

— — —

Men balderbråflokken, – dei kvithærde menn
og kvinner i havet der vest –
går stillsleg attende i jorda igjen
ein skoddegrå haustkveld med regndriv og blest.

OS UNGDOMSLAG – 100 ÅR

av *Anders Hauge snr.* og *Kåre Herdlevær*

Det frivillige ungdomsarbeidet hadde si grotid her i landet på slutten av 1800-talet. Slik var det også i Os. Det var difor ikkje så underleg at Os ungdomslag vart skipa så tidleg som i 1890, som det første av ungdomslaga i kommunen. Med unntak av nokre vanskelege år den første tida har ungdomslaget vore «liv laga» i alle desse åra. Det er såleis mange Os-ungdomar som med glede kan sjå tilbake på den tida dei var med i ungdomslaget.

DEI FØRSTE 50 ÅRA (1890 - 1940)

Det var i den korte tida Nordhordland Amtskule var her i bygda (1888-1893) at opptaket til Os Ungdomslag vart gjort. Styraren ved skulen, Leonard Næss (prest og forfattar) og Olaus Alvestad (lærar og seinare medskipar av Voss Folkehøgskule) var dei som gjorde opptaket. Men det viste seg at då desse lærarane reiste frå Os, var ikkje laget sterkt nok til å stå på eigne bein.

Fleire gonger vart laget oppattskipa, men sovna av. Men i 1916 var laget nyskipa att, etter opptak av sokneprest Åmot. Sidan den tid har laget arbeidd i samanheng, med unntak av tida 1942 til 1945.

PIONÈRANE

Sokneprest Åmot, som var ein glimrande talar, helt foredrag i Os skule om «dei fire temperament» og kom då med forslag om å skipa ungdomslag. Det var spreidde røyster om at det måtte verta eit kristeleg ungdomslag, men det fekk liten tilslutnad.

Laget vart skipa ein sundagskveld litt seinare, i «Fjellheim». Sokneprest Åmot vart den første formannen, og lærar Paul Moberg varaformann. Mellom dei som gjorde godt arbeid i denne oppbyggjingtida var Marta Valla Fretheim, Peder Hægland, Anna Moberg (Stølane), Karl Midtbø, Hans Bjånes, og framhaldskulelærar Njølstad. Laget fekk etterkvar stor tilslutnad, medlemstalet heldt seg i mange år kring 150.

VEKSLANDE PROGRAM

Laget dreiv i første tida allsidig med vekslande program, med lesing av klassisk litteratur, foredrag og ordskifte. Lagsavisa «Osingen» som tidleg kom igang var også eit populært innslag på møta. Ho var til tider god og aktuell, med fin ironi over det som hende i bygda og i laget. Å spela skuespel og leika folkeviseleik var ein del av lagsarbeidet alt frå første åra. Leiklærar fekk dei frå Ervingen og Bondeungdomslaget i Bergen. Spelstykke sette dei opp ved eiga hjelp i førstninga, men det vart likevel ein del bra framsyningar. Seinare hadde dei av og til instruktørar frå Komediateatret i Bergen, såleis sette teatersjef Nygård opp fleire stykke.

TURAR OG STEMNE

I ei rekkje år hadde laget sumarturar for medlemane. Turane var todagsturar. Dei gjekk med

motorskøyter, og ein gjesta gjerne andre ungdomslag. Mellom anna hadde laget turar til Mundheim og Ølen. Spellaget hadde også framsyningar i Strandvik, Eikelandsosen og på Tysse. Då Roald Amundsen kom bort i 1928 hadde laget minnemøte i «Fjellheim». Det var ei av laget sine store tilskipingar. Som talar hadde ein fått professor H. U. Sverdrup som hadde vore med Amundsen på ferder i Nordishavet. Os mannskor medverka. «Fjellheim» var heilt sprengd den kvelden, og det var mange som ikkje kom inn. I 1930 stod laget for tilskipinga av Hordastemna som vart halden på Hauge. Dette var enno i ungdomsstemnene sine store dagar. Det var todagsstemna og det møtte tre-fire tusen menneske. Sundagen syntre spellaget til ungdomslaget spelstykket «Gamlelandet».



Ungdomslaget på tur til Mundheim 1927.

OS FOLKEBAD

Det som skulde bli laget sitt store løft var oppføringa av folkebad i Os. Etter påklok kan ein kanskje seia at samfunnsvnytten ikkje stod i høve til innsatsen. Laget fekk tomt på prestegarden og tok til med arbeidet alt etter den første basaren, så eigenkapitalen var ikke stor. Prisnivået var ikke serleg lågt etter første verdenskrigen så bygget vart langt dyrare enn pårekna. Det kosta laget mellom 30 og 40.000 kr. Det var rom for styrt, karbad og badstu.

Bruken av badet vart ikkje som venta, det gjekk støtt med underskot. Det pressa såleis økonomien til laget slik at det ikkje var til å tenkja på å byggja eige ungdomshus, noko som ville styrkt lagslivet og gjort arbeidet mykje lettare.

SAMARBEID MED ANDRE LAG

Laget har til tider hatt godt samarbeid med andre lag. Os Mannskor vart skipa etter opptak i Os Ungdomslag, men snart vart koret sjølvstendig. Diverre har ikkje ungdomslaget noko fullstendig referatbok frå dei første 30-40 åra. Årsaka til det er at mykje av lagstilfanget gjekk med då «Fjellheim» brann hausten 1936.

Dei to neste åra hadde difor ungdomslaget eit nært og godt samarbeid med Hegglandsdalen ungdomslag. Lagsmøta vart haldne i «Dølatun», ungdomshuset i Hegglandsdalen. Det vart avtala at laga skulle ha programmet kvar sin gong, noko som tydelegvis har inspirert medlemene til ekstra innsats.

DEI NESTE 50 ÅRA (1940 - 1990)

I dei to første krigsåra gjekk laget på eit vis, men under vanskelege tilhøve. Formenn var Harald Rødne og Eirik Valle Moberg. I mars 1942 gjorde styresmaktene vedtak om at Noregs Ungdomslag til liks med andre organisasjonar skulle innordnast under «det nye systemet». Noregs Ungdomslag svara med å leggja laget ned. I samsvar med dette gjorde Os Ungdomslag liknande vedtak 30. mars 1942.

Minst tre av laget sine aktive medlemer kom bort på grunn av krigshandlingar. Ole Kobbeltvedt fall under krigen på Voss, Ole Valle Moberg kom bort ved forliset av «Blia» som var på veg til Shetland, og John Fagerthun døydde i fangenskap.

GODE OG DÅRLEGE TIDER

Os folkebad hadde lagt ei klam hand over lagsarbeidet i mange år avdi økonomien stadig vart pressa

med avdrag og renter på lån. Det var vel difor ei «sælebot» at laget i 1946 selde badet til Ingolf Eide for kr. 8.500, på det vilkåret at det skulle drivast som bad så lenge det ikkje fanst offentleg bad.

Arbeidet i laget gjekk tregt dei første åra etter krigen. Men laget kom igong att etter ein «kvilepause», etter opptak av Annanias Skorpen. Han vart òg formann og laget hadde no ei god tid frametter.



Leikarringen på Solstrand 1957.

25. november 1950 hadde laget ein vellukka 60-årsfest. Julefestane i «Fjellheim» vart tekne oppatt, og laget skipa til jonsokstemner kvart år. Dei vart haldne på Hauge, i Mobergsvika og i «Fjellheim». Det var god underhaldning med spelstykke, leik og musikk. Spellaget og leikarringen kom i god gjenge att. Det vart populært med leikframsyningar på Solstrand og ymse stader i Fana. Av årsmeldingar går det fram at det var år med 25 framsyningar.

På slutten av 60-talet auka aktiviteten att. Det vart sett igang leikkurs og det kom mange nye



Leikarringen som hadde framsyning 17. mai 1927.

medlemer til. Den faste møtestaden i mange år var Mobergvika kafé og laget er Lars L. Moberg stor takk skuldig for at han let laget ha denne møtestaden. Likevel auka krava til standard på møtelokalet. Difor har Os Pensjonistforening sitt hus «Elvegården» vore tilhaldsstad dei seinare åra.

STEINDALSSETTRA

Denne setra har hatt, og har sin heilt spesiell plass i Os Ungdomslag si soge. Lenge før laget fekk Steindalssetra i 1939 vart denne setra brukt som utferdsstad for ungdomslaget. Eit biletet frå 1918 viser dette.

Laget fekk overlate setra frå eigarane. Vilkåret er at ungdomslaget pliktar å halda setra vedlike. Då laget fekk setra hjelpte Joh. Ludw. Mowinckel til med å setja huset i stand. Det var nok pengehjelp Mowinckel ytte, tenkjer eg.

Med tida kom det større krav til standard også i Steindalen. På slutten av 70-talet vart det difor sett igang arbeid med eit tilbygg. Det vart no eit godt kjøken, med eigen omn, slik at ein no slepp å varma opp den store salen når det er få folk tilstades.



Steindalssætra.

Steindalssetra har vore mykje nytta til festar også. I mange år har det vore fast tradisjon med haustfest. Hytteeigarane ved Steindalsvatnet leigde òg setra til sine tradisjonelle hytteeigarfestar.

SAMBAND MED UTANLANDSKE GRUPPER

Det var først på midten av 60-talet at det vart reist til utlandet med ungdomslaget. I 1965 reiste ein leikarring frå laget, forsterka med dansarar frå lag i Bergen og Fana, til folkedansgruppa Monkseaton Morrismen and Folk Dance Club i Whitley Bay, ein liten by utanfor Newcastle. Etter mange invitasjonar reiste leikarringen til Monkseaton sin internasjonale festival «Folkmoot» i 1981.

I 1986 var laget igjen på gjesting til «Folkmoot -86». Denne gongen saman med dansarar frå andre lag.

Ungdomslaget har hatt fleire utanlandske grupper som gjester. Det har vore korte opphold som, som regel, har blitt avslutta med lâveball på Moldegård. Laget har såleis hatt eit nært og godt samarbeid med «ho Marta».

Dei siste åra har det vore god kontakt med ei folkedansgruppe frå Nederland.

BARNELAGET

Starten på barnelaget vert rekna tilbake til 1956. Det vart då vedteke å ta til med barnelag og dette fekk stor oppslutnad alt frå starten av. Opp til 200 medlemer skal det ha vore på det meste. Barnelaget hadde gode tider gjennom både 60- og 70-åra. 80-åra har gjeve ein viss tilbakegang. Det ser ut som det er andre interesser som fengar born meir enn folkedans. Serleg er det gutane som sviktar. Det har i alle år vore stort overskot av jenter.

I 1976 skipa ungdomslaget, saman med andre ungdomslag i kommunen, Landsdelsstemne for barn. I 1983 var det eit tilsvarende krinsstemne. Ved begge høve var det omlag 600 tilreisande barn som samlast til leik og moro i 3 heile dagar.



Ungdomsgruppa på stemne i Øystese 1982.

Barnelaget har også hatt samband med utlandet. To år på rad, i 1972 og 1973 var laget saman med barn frå Benfieldside Secondary School i Consett, England. I 1972 var det ei gruppe frå denne skulen her i Os i fleire dagar og tilsvarande var ei gruppe frå barnelaget til Consett i 1973. Det var store opplevingar for begge partar, med minner som barna har for livet. Det same må seiast om barnelaget sin tur til Jugoslavia i 1980. Laget var då, saman med Os Jentekor, invitert til å vera med på barnefestivalen «Radost Evropa», som på norsk tyder «Europa i glede». Av dei mange opplevingar der var vel defileringa forbi Tito si grav ei av dei som gjorde mest inntrykk.

SLUTTORD

Som alle andre lag har også Os Ungdomslag hatt sine opp- og nedgangstider. Men i därlege tider har det alltid vore ein «gjeng» som har halde laget igang og har greidd å reise det att. Idégrunnlaget som laget er tufta på er ein spore til å halda fram med å arbeida for dei same mål som Norges Ungdomslag har i sitt arbeidsprogram.

Vi som er vakse opp med, og vore med i dette arbeidet gjennom ei årrekke, ser difor lyst på framtida. Det kulturelle arbeidet som ungdomslaget driv vil alltid vera av interesse for folk å ha som fritidssyssel.



FOTO LABBEN I
OS GLASSMAGASIN
Flåten Senter - 5200 Os
Telefon 30 11 69

Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.

Innramming av bilder - maleri - posters -
stramei - kunstbroderier etc.

OS GLASSMAGASIN A/S

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først
med det siste».

Forhandler for:

Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).

arkitektkontoret

ABQ as

AREAL- OG TRAFIKKPLANLEGGING – ARKITEKTUR OG INTERIØRARKITEKTUR
BRUGANGEN, 5200 OS – TELEFON (05) 30 11 21

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s Kyssand  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*


MALERMESTER
ARNE STRØNEN

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

OS MÅLLAG
SKIPA 1920

Styret:

*Leiar: Anne-Margrethe Matre Hjemdal
Nestleiar: Thana Rongen
Kasserar: Wanda Aarseth
Studieleiar: Målfrid Tveit Vaage
Skrivar: Johannes Bolstad*

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



SIVILINGENIØRENE
JOHS. A. JACOBSEN A/S
AVD. OS



Byggeleiing – Byggeteknikk VAR-teknikk – Prosjektleiing

M.N.I.F. – M.R.I.F.

BJØRNEGÅRDEN, OS - TLF.: (05) 30 06 90 - FAX: (05) 30 24 74



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyring.

Ring tlf. (05) 30 53 14 - 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. (05) 30 16 17
Mobiltlf. 090 67 935 - Mobiltlf. 090 51 831



Skal du pusse opp?

Kjøp verktøyet nå!

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok der du kan kosa deg med ei bok.
Me har også seng og bord, både for liten og stor.

**Møbelservice
på Søfteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

TELEFON: (05) 30 92 92 - MOBIL-TLF. 090 68 248
5212 LYSEKLOSTER



ALT TIL
GUNSTIGE
PRISER

*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Suerre Samdal
AUT. RØRLEggerFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55
Kontor: (05) 30 15 83
Mobil: 090 71461

Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 272 – 5201 Os – Tlf. 30 29 50

Vil du ha ein festleg kveld,
kom til Solstrand Fjord Hotel.
Skal du feira bryllaupsfest,
er vårt tilbod sikkert best.

Solstrand
FJORD HOTEL
5200 OS - TLF. 30 00 99

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

5200 OS – TLF. 30 03 80 – 30 14 72
Avd. INTERIØREN – Tlf. 30 03 80

*Roser og
dekorasjonsplanter*

Erling og Terje Lunde's Gartneri
5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28

Når målfolket skal ut å fara
ja, kanskje heile verda sjå.
Må dei først få rette vara.
Billettar frå . . .



OS REISEBYRÅ A S




POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90
TELEFAX (05) 30 27 01

Løysing på kryssord side 14.

IKKJE
FETTER

ETTERNAMN	K	A	R	L	S	E	N		
FUGL	U	N	D	U	L	A	T		
GOTTERI	S	N	O	P					
FARGE	I	N	D	I	G	O			
LAND	N	E	D	E	R	L	A	N	D
FOTBALLAG	E	V	E	R	T	O	N		
URT	R	O	S	M	A	R	I	N	

**Når du treng BORD ELLER SENG
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS
Kom til møbelsenteret på Os**



ÅPNINGSTIDER

mandag	10:00 - 17:00
torsdag	10:00 - 17:00
fredag	10:00 - 17:00
lørdag	9:00 - 19:00
søndag	9:00 - 14:00

**MØBEL
SENTERET**
PA OSØYRØ

Telefon: (05) 30 04 80

Løysingsord: Mananne

JENTENAMN

LITA APPELNSIN	M	A	N	D	A	R	I	N
JENTENAMN	A	N	N	E				
GUTE NAMN	R	U	N	E				
LAND DETER KRIGI	I	R	A	K				
VERDENSDDEL	A	M	E	R	I	K	A	
LIKAR EKORNET	N	O	T	T				
DET MOTSETTE AV DAG	N	A	G	T				
LAND	E	N	G	L	A	N	D	

Løysing på kryssord side 15.

Osingar:

Dersom du ikkje alt er
FOM - kunde, så bli det.
Prøv våre reisetilbod,
tenk miljø og økonomi.
Vi har også turvogner,
limoussinservice og
godsvogner.

Ring 30 06 10



BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L

*Me har alt det som du søker
av skrivesaker og av bøker.*

M. K. OLSEN

BOK- OG PAPIRHANDEL A.S

5200 OS


Telefon: (05) 30 04 30

Blomar og plantar
av mange slag,
til kvardagsbruk
og i festleg lag!



Halhjem Gartneri

Tlf. 30 51 78




Trinnløs luftestilling


Hbalkongdøren****

PRODUSENT

Lyssand tre-industri



På Flåten Senter finn du alt
frå moteklær til smør og salt.
Der kan du gå i ro og mak
og handla etter råd og smak.

FLÅTEN  **SENTER**
...har alt!

Tlf. 30 03 50



GJENSIDIGE
Vest, avd, Os

RENTEBØRSEN

Lån til bolig fra 12,2%

Lån til bil fra 13,5%

Sparing med verdikonto 11,0%


Avtal tid, eller kom gjerne innom for en helt
uforpliktende prat.

Kontor Os, tlf. 30 04 88

ARKA®

Andr. Rasmussen
Karosserifabrikk a.s

**SYSTEMER
FOR DERES
TRANSPORT
BEHOV**



**ØKONOMI
KONTO**


- **Spar gebyr**
Bruk kort til uttak i mini-Banken og betaling av varer
- **Høgare rente**
(vanleg lønnskonto 7½%)
9½% på den delen av spare-summen som er over kr 15 000
- **GiroService**
Eigen mappe med frankerte konvoluttar.
Send inn post- og bankgiro-blankettar for belastning
- **TelefonService**
Enkle banktenester via telefon

Kom inn, så får du veta meir om Økonomikonto!

SPAREBANKEN VEST

Brukskonto

Opnar for pengar, døgnet rundt



Med ein brukskonto i Fokus Bank kan du få Smartkort for minibankar og betalingsterminalar på bensinstasjonar og i butikkar. Brukskontoen opnar og for Visa og Eurocard som er internasjonale betalingskort. Dei kan du bruke som betalingskort på over 7 millionar hotell, restaurantar, butikkar m.m. over heile verda, og som minibankkort i utlandet. Dermed kan du betale for det meste dei fleste stader.

Mens pengane står på kontoen og samlar renter heilt til du brukar dei.

FOKUS
Bank